



Norsk Bufe

Dølafelag - Jarlsbergfelag - Telemarksfelag - Vestlandsk fjordfelag - Vestlandsk Raudkoll - Østlandsk Raudkoll

VEDTEKTER

Vedteke på årsmøtet 3.februar 2023

§ 1: FOREININGA:

Foreininga sitt namn er Norsk Bufe. Norsk Bufe er ein paraplyorganisasjon for raselaga til dei bevaringsverdige norske storferasane.

§2: FORMÅL

Foreininga har til formål å bevare og styrke avlen og utbredelsen for dei bevaringsverdige storferasane samtidig som innavlsgraden haldast så lav som mogleg. Foreininga skal arbeide for betre økonomi i produksjonen med desse rasane.

§ 3: MEDLEMMAR

Følgande lag kan vere medlem i Norsk Bufe: Laget for vestlandsk fjordfe, Laget for østlandsk raudkoll, Laget for vestlandsk raukoll, Dølafelaget, Landslaget for Telemarkfe, Avlslaget for sidet trønderfe og nordlandsfe, Jarlsbergfelaget. Laga betaler ein årleg medlemskontingent berekna ut frå kor mange medlemmar dei har.

§ 4. ÅRSMØTET

Årsmøtet er Norsk Bufe sitt høgste organ. Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av februar. Kvart avls- og raselag har rett til å møte med inntil to representantar med stemmerett ved personleg frammøte. Berre utsendingane har stemmerett på årsmøtet. Siste års styre skal møte på årsmøtet sjølv om medlemmane ikkje lenger måtte vera utsendingar for sine respektive lag. Møtet er opent for observatørar utan stemmerett. Årsmøtet skal kallast inn med minst tre vekers varsel. Saker til årsmøtet må vere Norsk Bufe i hende seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må vere tilgjengeleg for medlemmane seinast ei veke før årsmøtet og det kan berre gjerast vedtak i saker som er nemnde i sakslista. Det kan ikkje gjerast vedtak som grip inn i medlemslaga sine eigne disposisjonar. Årsmøtet skal handsame:

- 1. Innkallinga*
- 2. Val av ordstyrar og skrivar*
- 3. Val av to personar til å skrive under protokollen*
- 4. Årsmelding*
- 5. Revidert rekneskap*
- 6. Budsjett. Bestemme kor høg medlemskontingent skal vere og bestemme størrelse på honorar til styret.*
- 7. Strategiplan for kommande år m/årshjul*
- 8. Innkomne saker*
- 9. Val*



Norsk Bufe

Dølafte - Jarlsbergfe - Telemarksfe - Vestlandsk Fjordfe - Vestlandsk Raudkølle - Østlandsk RødKølle

Norsk Bufe leiest av eit styre som består av ein representant frå kvart av medlemslaga. Medlemslaga er sjølv ansvarlege for å velje sin representant samt ein personleg vararepresentant. Medlemmane i styret og valnemnda, blir valde for to år av gongen. Leiar blir vald av årsmøtet kvart år. Styret konstituerer sjølv nestleiar, kasserer og sekretær blant sine medlemmar. I tillegg til styret skal det utnemnast ein revisor og ei valnemnd på 2 medlemmar pluss eit varamedlem. Årsmøtet veljar revisor og nye medlem til valnemnda. Valnemndas oppgåve er å finne revisor, foreslå leder og leggje fram forslag til styregodtgjersle.

Styret veljar sjølv minst to utsendingar til å delta på innspill-møtene i forkant av jordbruksforhandlingane

§ 5. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Om minst 2/3 av lagets medlemmar krev det skal det haldast ekstraordinært årsmøte. Dette skal kallast inn med minst tre vekers varsel, og berre saker som er nemnde i innkallinga kan handsamast

§ 6 STYRET

Foreininga leiest av eit styre som består av ein representant frå kvart medlemslag.

Medlemslaga er sjølv ansvarlege for å velje representant, med personleg vararepresentant, som blir med i Norsk Bufe sitt styre. Styret er høgste myndigheit mellom årsmøta. Styret skal halde møte når styreleiar eller eit fleirtal av styremedlemmane krev det.

Styret skal

- iverksette årsmøtevedtak
- nemne opp eventuelle komitear, utval eller personar som skal gjere spesielle oppgåver, og utarbeide instruks for disse
- administrere og føre nødvendig kontroll med foreiningas økonomi i hen hold til gjeldande instruksar og vedtak
- representere foreininga utad

Styret kan fatte vedtak når eit fleirtal av styrets medlemmer er til stade. Vedtak avgjerast med fleirtal av dei av gjevne stemmene.

§ 7: SIGNATURRETT

Lagets leiar og eit styremedlem i fellesskap, har signaturrett på vegne av styret.

§ 8: ENDRING AV VEDTEKTENE

Endring av vedtektene krev minst 2/3 fleirtal i årsmøtet.

§ 9. NEDLEGGING

Eventuell nedlegging av Norsk Bufe krev minst 2/3 fleirtal i årsmøtet. Midlar/gjeld som laget måtte ha, skal fordelast på laga etter medlemstal.